

Miljøpartiet dei grøne Voss
Vangsgata 22 B
5700 VOSS

Dato: 14.05.2014
Vår ref.: 2014/10847-65
Saksbehandlar: kjesigv
Dykkar ref.:

Dykkar referanse: Lillian Rogne

Miljøorganisasjonar 2014 – Avslag på søknad om økonomisk tilskot til «Miljøpartiet dei grøne Voss – Foredrag om grøn økonomi, politikk og livsstil»

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til organisasjonar datert 01.04.2014. De søkte om kr. 6 800,-. Vi har i 2014 mottoke i alt 27 søknadar om tilskot, samla søknadsum er kr. 1.587.080,- medan budsjettposten er på kr. 655.000,-.

Vi må diverre melde avslag på søknaden. Vurdert i høve til øyremerking av midlar, andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar er vi ikkje kan medfinansiere prosjektet. Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Kjetil Sigvaldsen, som De kan kontakte på tlf. 55 37 80 11 eller e-post: Kjetil.Sigvaldsen@hfk.no

Klage / Innsyn i dokumenta:

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi vonar at prosjektet kan realiserast utan vår medverknad og ønskjer Dykk lukke til vidare!

Gudrun Mathisen
leiar

Kjetil Sigvaldsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

